

Elektro-suksess og fordobra stab

14.12.2010



**Det er berre to og eit halvt år sidan Uskedalen fekk sitt første elektrofirma med base på Børnes og med 4 tilsette elektromontørar. Det skjedde i juli 2008.**

**Men allereie no er staben i ferd med å bli dobbelt så stor  
Den skal auka frå 7 til 8 og leiinga averterer etter ein ny elektromontør.**

- Ekspansjonen har skjedd raskare enn vi trodde den skulle gjera, seier dagleg leiar Lars L. Øyjord i Kvinnherad Byggutvikling & Elektroservice AS til uskedalen.no

Han håpar det i vesentleg grad skuldast at dei rett og slett har vore flinke. Firmaet har dreve hovudsakleg med elektro, men også med varmepumper, bad, fliser og flislegging. Omsetnaden var 6,5 millionar i 2009 medan dei vil enda på 8 millionar dette året.

- Vi har god ordretilgang og mange jobbar som ventar i året som kjem, står det i annonsen etter nok ein medarbeidar.

Øyjord nemner også gode samarbeidspartnarar som ein faktor når vi spør om grunnene til suksessen.

På biletet er dei tre første i firmaet fotografert ved etableringa i juli 2008 - dei er Lars L. Øyjord flankert av Egil Heimvik og Endre Teigen. Like etter kom fjordemann, som var Knut Martin Hass.

Firmaet har også imponert med å leggja tilrette eit tiltalande uteområde.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)